



C 520

Noregs offisielle statistikk

Official Statistics of Norway

Pleie- og omsorgsstatistikk 1997

Nursing and Care Statistics 1997

Statistics Norway

Statistisk sentralbyrå





Pleie- og omsorgsstatistikk 1997

Nursing and Care Statistics 1997

Noregs offisielle statistikk

I denne serien blir hovudsakleg primærstatistikk, statistikk frå statistiske rekneskapssystem og resultat frå spesielle teljingar og undersøkingar publiserte. Serien har først og fremst referanse- og dokumentasjonsformål. Presentasjonen skjer vesentleg i form av tabellar, figurar og nødvendig informasjon om datamaterialet, innsamlings- og bearbeidingsmetodar, samt omgrep og definisjonar. I tillegg blir det gitt ei kort oversikt over hovudresultata.

Serien omfattar òg publikasjonane Statistisk årbok, Historisk statistikk og Regionalstatistikk, samt Standarder for norsk statistikk og Veiviser i norsk statistikk.

Official Statistics of Norway

This series consists mainly of primary statistics, statistics from statistical accounting systems and results of special censuses and surveys, for reference and documentation purposes. Presentation is basically in the form of tables, figures and necessary information about data, collection and processing methods, and concepts and definitions. In addition, a short overview of the main results is given.

The series also includes the publications Statistical Yearbook of Norway, Historical Statistics and Regional Statistics, as well as Standards for Norwegian Statistics and Guide to Norwegian Statistics.

© Statistisk sentralbyrå, februar 1999

Dersom materiale frå denne publikasjonen blir nytta, ver vennleg å oppgi Statistisk sentralbyrå som kjelde.

ISBN 82-537-4656-3

ISSN 0808-2472

Emnegruppe

03.03 Pleie og omsorg

Emneord

Aldershjem

Eldre

Funksjonshemmede

Hjemmesykepleie

Hjemmetjenester

Omsorgstjenester

Design: Enzo Finger Design

Trykk: Falch Hurtigtrykk

Standardteikn i tabellar	Symbols in tables	Symbol
Tal er umogleg	Category not applicable	.
Oppgåve manglar	Data not available	..
Oppgåve manglar førebels	Data not yet available	...
Tal kan ikkje offentliggjera	Not for publication	:
Null	Nil	-
Mindre enn 0,5 av den brukte eininga	Less than 0.5 of unit employed	0
Mindre enn 0,05 av den brukte eininga	Less than 0.05 of unit employed	0,0
Førebels tal	Provisional or preliminary figure	*
Brot i den loddrette serien	Break in the homogeneity of a vertical series	—
Brot i den vassrette serien	Break in the homogeneity of a horizontal series	l
Retta sidan førre utgåve	Revised since the previous issue	r
Desimalskiljeteikn	Decimal punctuation mark	,(.)

Forord

Denne publikasjonen inneheld statistikk for 1997 over tilbodet av pleie- og omsorgstenester retta mot eldre hjelpetrengjande og funksjonshemma i kommunane. Tenestene blir ytt anten i heimen til klienten som praktisk hjelp og heimesjukepleie, eller som tilbod om ein plass i institusjon. Talmaterialet byggjer på skjema som Statistisk sentralbyrå sender ut årleg til alle kommunane og institusjonane for eldre og funksjonshemma. Alle opplysningane gjeld for situasjonen ved slutten av året. Statistikken omfattar tal for årsverk, utgifter, brukarar av tenestene, bebuarar og plassar i institusjon. Publikasjonen inneheld tal for heile landet, for fylka og i nokre høve for kommunane.

Delar av materialet ligg føre i Ukens statistikk nr. 42/98 og på sidene til Statistisk sentralbyrå på Internett, <http://www.ssb.no>.

Publikasjonen er utarbeidd av førstekonsulent Åsne Vigran. Ansvarleg seksjonsleiar er Ann Lisbet Brathaug, Seksjon for helsestatistikk.

Statistisk sentralbyrå
Oslo/Kongsvinger, 20. november 1998

Svein Longva

Johan-Kristian Tønder

Preface

This publication contains statistics for 1997 relating to the municipalities' nursing and care services aimed at elderly and disabled in need of help. These services are either given in the clients' own home as home nursing and home help, or they are given in institutions on full time basis. The material is based upon Statistics Norway's own questionnaires which are distributed annually to every Norwegian municipality and institution for the aged and disabled. All data are reported at the end of the year. The statistics comprise figures of man-years, expenditure, users, residents and beds in the institutions. The figures are presented on national, county and in some cases, also on municipal level.

Parts of this material are previously published in Weekly Bulletin of Statistics no. 42/98. Statistics Norway has a Web page on the Internet where some main figures from this publication can be found. The Web address is: <http://www.ssb.no>.

The publication has been prepared by Ms. Åsne Vigran. Responsible Head of Division is Ann Lisbet Brathaug, Division for Health Statistics.

Statistics Norway
Oslo/Kongsvinger, 20 November 1998

Svein Longva

Johan-Kristian Tønder

Innhald

Tabellregister.....	7
1. Bakgrunn og føremål.....	9
2. Datagrunnlaget.....	9
3. Datakvalitet.....	10
4. Omgrep og kjennemerke	10
5. Hovudtal.....	11
6. Meir informasjon	11
Tekst på engelsk.....	12
Tabelldel	
I Pleie- og omsorgstenestene samla.....	15
II Heimtenester og bustader for eldre og funksjonshemma.....	39
III Institusjonar for eldre og funksjonshemma.....	56
Tidlegare utgitt på emneområdet.....	72
Dei sist utgitte publikasjonane i serien Noregs offisielle statistikk	73

Contents

List of tables	8
1. Background and purpose	12
2. Statistical basis	12
3. Data quality	12
4. Definitions	12
5. Main results	13
6. More information	13
Tables	
I The nursing and care services in total	15
II Home based services and dwellings for the aged and disabled.....	39
III Institutions for the aged and disabled.....	56
Previously issued on the subject	72
Recent publications in the series Official Statistics of Norway	73

Tabellregister

I. Pleie- og omsorgstenestene samla	15
1. Årsverk i pleie- og omsorgstenestene, etter fylke. 1997.....	16
2. Årsverk i pleie- og omsorgstenestene, etter kommune. 1997.....	17
3. Årsverk i pleie- og omsorgstenestene, etter type utdanning og fylke. 1997.....	27
4. Totale utgifter i pleie- og omsorgstenestene, etter fylke. 1997.....	28
5. Totale utgifter i pleie- og omsorgstenestene, etter kommune. 1997.....	29
II. Heimetenester og bustader for eldre og funksjonshemma	39
6. Mottakarar av heimetenester, etter type teneste og fylke. 1997.....	40
7. Mottakarar av heimetenester, etter alder og fylke. 1997.....	40
8. Mottakarar av heimetenester pr. 1 000 innbyggjarar i ulike aldersgrupper, etter fylke. 1997.....	41
9. Mottakarar av heimetenester, etter type teneste og kommune. 1997.....	42
10. Mottakarar av avlasting, etter alder og fylke. 1997.....	51
11. Mottakarar av støttekontakt, etter alder og fylke. 1997.....	51
12. Bustader som kommunane disponerer til pleie- og omsorgsføremål, etter eigar og fylke. 1997.....	52
13. Bebuarar i bustader til pleie- og omsorgsføremål, etter alder og fylke. 1997.....	52
14. Bebuarar i bustader for eldre og funksjonshemma pr. 1 000 innbyggjarar i ulike aldersgrupper, etter fylke. 1997.....	53
15. Tilgang til tenestene 1997. Del av kommunar/bydelar som har tenester som vist. Heile landet. Prosent.....	53
16. Tilbod av ulike tenester i kommunar og bydelar. Heile landet. 1997. Prosent.....	54
17. Ordning for brukarbetaling av heimetenester. Heile landet. 1997.....	54
18. Gjennomsnittlege satsar for brukarbetaling for heimetenester, etter inntekt. Heile landet. 1997. Kroner.....	54
19. Brukarbetaling for heimesjukepleie, etter fylke. 1997.....	55
III. Institusjonar for eldre og funksjonshemma	56
20. Institusjonar for eldre og funksjonshemma, etter type institusjon og fylke. 1997.....	57
21. Plassar i institusjonar for eldre og funksjonshemma, etter type institusjon og fylke. 1997.....	58
22. Plassar i institusjonar for eldre og funksjonshemma, etter kommune. 1997.....	59
23. Bebuarar i institusjonar for eldre og funksjonshemma, etter alder og fylke. 1997.....	68
24. Bebuarar i institusjonar for eldre og funksjonshemma pr. 1 000 innbyggjarar i ulike aldersgrupper, etter fylke. 1997.....	68
25. Bebuarar i institusjonar for eldre og funksjonshemma, etter føremål for innskriving og fylke. 1997.....	69
26. Bebuarar i institusjonar for eldre og funksjonshemma, etter føremål for innskriving og fylke. 1997. Prosent.....	69
27. Rom i institusjonar for eldre og funksjonshemma, etter romtype og fylke. 1997.....	70
28. Rom i institusjonar for eldre og funksjonshemma, etter utstyr og fylke. 1997.....	71

List of tables

I. The nursing and care services in total.....	15
1. Man-years within the nursing and care services, by county. 1997.....	16
2. Man-years within the nursing and care services, by municipality. 1997.....	17
3. Man-years within the nursing and care services, by the personnel's kind of education and county. 1997.....	27
4. Total expenditure within the nursing and care services, by county. 1997.....	28
5. Total expenditure within the nursing and care services, by municipality. 1997.....	29
II. Home based services and dwellings for the aged and disabled.....	39
6. Users of home based services, by kind of service and county. 1997.....	40
7. Users of home based services, by age and county. 1997.....	40
8. Users of home based services per 1 000 persons in different age groups, by county. 1997.....	41
9. Users of home based services, by type of service and municipality. 1997.....	42
10. Recipients of respite care, by age and county. 1997.....	51
11. Recipients of special support, by age and county. 1997.....	51
12. Dwellings for nursing and care purposes at the municipalities' disposal, by owner and county. 1997.....	52
13. Residents in dwellings for the aged and disabled, by age and county. 1997.....	52
14. Residents in dwellings for the aged and disabled per 1 000 persons in different age groups, by county. 1997.....	53
15. The accessibility of the home based services 1997. Share of municipalities offering the services indicated. The whole country. Per cent.....	53
16. Available services in municipalities. The whole country. 1997. Per cent.....	54
17. Kind of user payment/fees for home based services. The whole country. 1997.....	54
18. Average rates of user payment for home based services, by income. The whole country. 1997. Kroner.....	54
19. User payment for home nursing, by county. 1997.....	55
III. Institutions for the aged and disabled.....	56
20. Institutions for the aged and disabled, by type of institution and county. 1997.....	57
21. Beds in institutions for the aged and disabled, by type of institution and county. 1997.....	58
22. Beds in institutions for the aged and disabled, by municipality. 1997.....	59
23. Residents in institutions for the aged and disabled, by age and county. 1997.....	68
24. Residents in institutions for the aged and disabled per 1 000 persons in different age groups, by county. 1997.....	68
25. Residents in institutions for the aged and disabled, by kind of stay and county. 1997.....	69
26. Residents in institutions for the aged and disabled, by kind of stay and county. 1997. Per cent.....	69
27. Rooms in institutions for the aged and disabled, by type of room and county. 1997.....	70
28. Rooms in institutions for the aged and disabled, by kind of facility and county. 1997.....	71

1. Bakgrunn og føremål

Pleie- og omsorgstenestene blei underlagde eit kommunalt totalansvar i 1988, då ansvaret for drifta av sjukeheimane blei ført over til kommunane. Til då hadde sjukeheimane vore underlagde dei fylkeskommunale helsetenestene, medan aldersheimane, heimetenestene og andre buformer høyrde til sosiale tenester, som låg innafør området som kommunane hadde ansvaret for. Med overføringa fall behovet for å halde ved like det administrative skiljet i pleie- og omsorgstenestene på lokalt plan bort. Statistisk sentralbyrå tok i bruk felles skjema for alle institusjonar og buformer for eldre med tenester heile døgnet. Samstundes blei statistikken over heimetenestene nærare samordna med statistikken over institusjonane og fekk ein felles rutine for statistikk og publisering i 1989.

Eit par år før overføringa av ansvaret til kommunane fann stad, blei det statlege bidraget til finansieringa av helse- og sosialtenestene i kommunane lagt om frå øyremerkte tilskott til generelle rammetilskott utan nokon form for rapportering av verksemda til dei sentrale styremaktene. Følgjeleg blei tidlegare kjelder til informasjon om den lokale utviklinga avvikla. Frå sentralt hald voks det fram eit behov for ny statistikk over desse tenestene. Dei sentrale styremaktene har enno overordna ansvar for utviklinga og rammevilkåra og må føre tilsyn med lover, forskrifter og målsetjingar.

Det er på bakgrunn av dette at Statistisk sentralbyrå sin pleie- og omsorgsstatistikk er blitt utarbeidd dei siste åra. To omsyn har stått sentralt i arbeidet. Dei sentrale styremaktene har behov for ny informasjon, både for planlegging og for kontroll og evaluering av den lokale verksemda. Kommunane er òg ei interessegruppe for statistikken. Dei ynskjer å kunne samanlikne pleie- og omsorgstenestene både på fylkesnivå og nasjonalt nivå.

Når det gjeld tidlegare publisering på 1990-talet, ligg årgangane 1991, 1992 og 1993 føre i ein samlepublikasjon, Notater 96/2. Statistikkårgangane 1994, 1995 og 1996 ligg føre som kvar sin NOS Pleie- og omsorgsstatistikk.

2. Datagrunnlaget

Pleie- og omsorgsstatistikken til Statistisk sentralbyrå baserer seg på årlege utsendingar av spørjeskjema til alle kommunar og institusjonar for eldre og funksjonshemma. I tillegg kjem rapportering frå om lag 50 kommunar som sender inn data om brukarar på individnivå.

I alt har 474 kommunar og bydelar og 1 025 institusjonar meld inn tal til pleie- og omsorgsstatistikken for 1997. Dette utgjer 435 kommunar dersom vi held

bydelane utanfor. Det er i alt fire skjema som er i bruk til dette føremålet. Eitt omfattar opplysningar om brukarar av tenester og årsverk i heimetenestene, og eitt omfattar bustader for eldre og funksjonshemma. Desse blir sende til administrasjonen for pleie og omsorg i kvar enkelt kommune. Kommunane får òg eit skjema til registrering av årsverk innanfor heile pleie og omsorgssektoren. Institusjonane får eit skjema der dei skal opplyse om talet på bebuarar og årsverk utført i institusjonen. Data som har ein meir stabil karakter, blant anna talet på plassar og rom, blir henta inn frå Statistisk sentralbyrå sitt register over institusjonar som blir oppdatert årleg.

Datamaterialet omfattar alle institusjonar og buformer som kommunane har ansvaret for etter gjeldande lover¹. Dette gjeld i hovudsak institusjonar der eldre over 67 år er målgruppe. Institusjonar der ansvaret ligg til fylkeskommunane, blant anna psykiatriske sjukeheimar og ulike spesialsjukeheimar, inngår ikkje i statistikken. Derimot skal privat drivne institusjonar vere inkluderte. Desse utgjer eit fåtal og blir drivne med monalege kommunale bidrag.

Når det gjeld heimetenestene, blir data om mottakarar av praktisk bistand og heimesjukepleie registrert. Denne brukargruppa har eit visst innslag av yngre mottakarar under 67 år som treng hjelp på grunn av ulike funksjonshemmingar. Materialet omfattar òg opplysningar om tilbodet innanfor den enkelte tenesteordninga gjennom registrering av det tidsrommet på dagen og i veka tenestene er tilgjengelege for brukarane, samt informasjon om brukarbetaling. Talet på bueiningar som kommunen disponerer til pleie- og omsorgsføremål og bebuarane i desse bueiningane blei i 1996 for fyrste gong registrert i eige skjema.

Opgåvene over tilsette og talet på årsverk omfattar personell innan heile spekteret av tenester kommunen tilbyr heimebuande hjelpetrengjande. Dette inkluderer tilsette innanfor heimehjelp, heimesjukepleie, miljøarbeid, burettleiing, støttekontakt og avlasting. Desse tenestene er, som heimehjelp og heimesjukepleie, heimla i lova. I tillegg kjem personell knytt til enkelte tenester som ikkje er heimla i lova, til dømes vaktmeistertenester som kan variere ein del i utbreisle frå kommune til kommune.

Når det gjeld årsverk innan pleie- og omsorgstenestene, må det gjerast merksam på at tenestene i nokre kommunar dei siste åra har vore organiserte slik at det ikkje lenger er mogleg å skilje mellom årsverka utførte innanfor open omsorg, altså heimetenestene, og årsverka innanfor institusjonane. Som ei følgje av dette kan ikkje pleie- og omsorgsstatistikken gje separate tal for årsverk for dei to sektorane. I publikasjonen vil berre

¹ Dei gjeldande lovene er: Lov om sosiale tenester av 13. desember 1991 og lov om helsetjenesten i kommunene av 19. november 1982.

totale, samla tal for årsverk for pleie- og omsorgstenestene bli presenterte. Desse baserer seg på det tidlegare omtalte skjemaet for totale årsverk.

3. Datakvalitet

Kontroll og revisjon av datamaterialet er basert på samanlikningar med tal frå føregåande år, samt ei vurdering av dei relative tala som kjem fram for den enkelte kommunen. Dette kan til dømes vere talet på brukarar, årsverk eller tal for institusjonsplassar sett i forhold til talet på eldre i kommunen. I dei tilfella det er store avvik frå det eine året til det andre, blir oppgåvejevaren kontakta for ei nærare avklaring og mogleg retting. Somme opplysningar let seg òg rette på grunnlag av andre data i oppgåva. I tillegg til dei nemnde kontrollane kjem kontrollar for å få eit logisk samsvar mellom opplysningane på dei ulike postane i skjema. Trass i eit omfattande arbeid med revisjon vil det likevel kunne hefte feil eller manglar ved enkelte kommunetal som blir presenterte i publikasjonen.

4. Omgrep og kjennemerke

Årsverk

Årsverk er meint å romme alt innanfor heimetenestene og institusjonane, dvs. at dataregistreringane ikkje berre er avgrensa til funksjonane knytte direkte til brukarane og bebuarane, men famnar òg administrasjon og leiing, reinhald og kjøken. Dei tilsette blir registrerte etter utdanning pr. 1. desember i året for registrering. Tala i denne publikasjonen blir gjevne i årsverk, det vil seie at alle deltidstillingar blir rekna om til heiltidstillingar.

Det blir nytta samlekategoriar for tilsette som har ei anna utdanning enn dei kategoriane som er spesifiserte. Legar og fysioterapeutar som arbeider innanfor pleie- og omsorgstenestene er ikkje med i denne statistikken. Desse blir berre registrerte i statistikken over kommunehelseteneste.

Utgifter

Tala omfattar utgifter som blir rekneskapsførde innanfor sektoren for pleie og omsorg på kommune- og fylkesnivå. Tala for utgifter blir ikkje lenger henta inn gjennom skjema for pleie- og omsorgstenestene. Frå og med 1994 er kommunerekneskapane datakjelde. På same måte som for talet på årsverk, kan det berre gjevast tal for heile pleie- og omsorgssektoren.

Mottakarar av heimetenester

Statistikken omfattar alle som tek mot praktisk hjelp og/ eller heimesjukepleie. Det er snakk om aktive bru-

karar av tenestene registrerte på ein gjeven dato ved utgangen av året. Kvar person som tek imot tenester blir rekna som mottakar. Eit unnatak er hushald der fleire personar tek i mot heimhjelp, praktisk hjelp eller anna teneste retta mot hushaldet. Desse blir rekna som ein mottakar, ikkje fleire.

Heimesjukepleie er regulert etter lov om helsetjenesten i kommunene, der det blir stilt krav om sjukepleiefagleg hjelp. Heimetenester og husmorvikartenester kjem inn under lov om sosiale tjenester. Begge tenestene blir rekna som «praktisk bistand», eit omgrep for all hjelp i dagleglivet med tilknytning til heimen og hushaldet. I tillegg kjem hjelp til eigenomsorg og personleg stell. Dette er hjelp som etter lova skal ytast til dei som har eit særleg behov på grunn av alder eller funksjonshemming.

Institusjonar for eldre og funksjonshemma

I statistikken for pleie og omsorg har ein valt å definere ein institusjon som eit kompleks der ein del av arealet er felles for alle bebuarane, med felles hushald, og fast tilsett personale til stades heile døgnet. I prinsippet vil alle buformer som blir omfatta av lov om helsetjenesten i kommunene (buformer med pleie- og omsorgstenester) og lov om sosiale tjenester (buformer med omsorgstenester), der institusjonsbebuarane i tillegg betaler vederlag etter forskrift for vederlag i institusjon, kome inn under denne definisjonen. Meir konkret dekkjer statistikken desse buformene og institusjonane: somatiske sjukeheimar, aldersheimar, kombinerte alders- og sjukeheimar, samt institusjonar der somatisk sjukeheim er kombinert med verksemd driven av fylkeskommunane, som sjukestue/fødestue eller psykiatrisk sjukeheim. I tillegg kjem enkelte buformer med heildøgns pleie og omsorg, der tilbodet vert gjeve av personale knytt til buforma.

Bustader til pleie- og omsorgsføremål for eldre og funksjonshemma

Desse omfattar bueiningar som kommunane stiller til disposisjon for hjelpetrengjande eldre og funksjonshemma og som ikkje er rekna som institusjon. Det er her snakk om sjølvstendige bueiningar der bebuaren er leigetakar eller deleigar. Ein del av desse bueiningane har tilknytte tenester, men desse er ikkje heildøgnsbaserte. Andre bueiningar har ikkje slik tilkopling, og bebuaren nyttar heimetenester på line med andre heimbuande. Mange av disse bueiningane er lagde til rette med tanke på bebuarar med nedsett funksjonsevne. Bueiningane kan ha fellesfunksjonar i ulik utstrekning, til dømes fellesareal (felles opphaldsrom) og felleshushald (tilbod om matsservering). Nemningane på desse butilboda kan variere, men kan omfatte bueiningar med nemningar som trygdebustad, aldersbustad, omsorgsbustad (eventuelt servicebustader) og burettslag for eldre. I tillegg kjem bueiningar for psykisk utviklingshemma oppretta i samband med

ansvarsreformen for psykisk utviklingshemma (HVPU-reformen) som trådte i kraft i 1991.

5. Hovudtal

Det vart utført 79 400 årsverk i pleie- og omsorgstenestene i 1997. Dette er ein auke på om lag 6 100 årsverk frå 1996 til 1997. I tillegg kjem om lag 570 årsverk utført av legar og fysioterapeutar.

Dei totale utgiftene innanfor pleie- og omsorgssektoren var 29 milliardar kroner. Dette gjev ei utgift på 151 000 kroner pr. brukar² for heile landet.

Talet på mottakarar av heimetenester var i 1997 om lag 149 000. Mottakarar som berre fekk praktisk hjelp utgjorde om lag halvparten av alle mottakarar. Mottakarar over 80 år utgjorde 46,2 prosent av alle mottakarar av heimetenester.

Eit aukande tal kommunar og bydelar kan gje brukarane heimesjukepleie heile døgnet. 77 prosent av alle kommunar og bydelar tilbyr tenesta heile døgnet. 313 kommunar og bydelar tok i 1997 betaling for heimesjukepleie, medan 157 ikkje tok slik betaling (4 kommunar/bydelar har ikkje svart på spørsmålet).

I 1997 budde i alt 38 100 personar i bustader eller bueiningar som kommunane disponerer til føremål innanfor pleie og omsorg. Av bebuarane var om lag 10 800 under 67 år. I same tidsrom er det registrert nær 40 000 bustader og bueiningar. Kommunane eig om lag 81,27 prosent av desse bustadene og 67,5 prosent av alle er spesielt tilrettelagde butilbod.

Satsar for brukarbetaling for heimetenestene er registrerte for 1997. Etter endringa av forskriftene i 1994 betalar no dei fleste brukarane av heimetenester med inntekt under 2G (ca. 85 000 kroner) anten 50 kroner per månad same kva for tenester dei tek imot, eller dei betaler ikkje i det heile. Prisane for brukarar med høgare inntekt varierer sterkt frå kommune til kommune.

Talet på plassar i institusjonar for eldre og funksjonshemma gjekk i 1997 ned med om lag 360 plassar, til 43 400. Tendensen i 1997 er som i 1996, at det er fleire plassar i somatiske sjukeheimar, medan talet på plassar i aldersheimar går ned. Institusjonane hadde om lag 37 200 rom i 1997, ein auke på 400 rom frå 1996. Noko av auken er eit resultat av ombygging til einerom. Av 37 200 rom var om lag 31 000 rom for ein bebuar, 6 200 rom var for to bebuarar og litt under 120 rom var for fleire bebuarar.

Pr. 1. desember 1997 var talet på bebuarar i institusjonar 42 900. Av desse var 72,4 prosent over 80 år og 3,7 prosent var under 67 år. 70,3 prosent av alle bebuarar i institusjonar er kvinner og av desse er nær 78 prosent kvinner over 80 år.

6. Meir informasjon

I tillegg til tabellane som er publiserte i NOS Pleie- og omsorgsstatistikk, er det mogleg å få fleire og meir detaljerte tabellar på kommunenivå ved å kontakte Statistisk sentralbyrå. Tabellane kan sendast på papir (post eller telefaks), elektronisk, på diskett eller med e-post (Excel eller Ascii-format).

Statistisk sentralbyrå har websider på Internett der ein kan finne hovudtal frå denne publikasjonen. Dei er lagde ut på den elektroniske utgåva av Ukens statistikk. Webadressa er: <http://www.ssb.no>.

Dersom du ønskjer å tinge tabellar, eller treng meir informasjon, ta kontakt med: Seksjon for helsestatistikk. Telefon 22 86 45 00. Telefaks 22 00 44 04.

² Brukarar er her definerte som summen av mottakarar av heimetenester og talet på plassar i institusjonar.

1. Background and purpose

The official statistics of the public care and nursing services were for the first time collected in one data gathering and publishing routine in 1989. The background for this was the transfer of the responsibility for the nursing homes from the counties to the municipalities. Thus the total responsibility for all these services was transferred to the municipalities, and the administrative distinction between social (municipalities services) and health services (county services) was abolished.

These statistics are supposed to meet the increasing need for information among the central authorities for planning purposes, supervision and evaluations of the municipalities' care and nursing services. In addition the municipalities themselves are of course in need of comparable figures on county and national level to evaluate their own services.

2. Statistical basis

The official statistics of the public care and nursing services are based upon annual reports from all municipalities and institutions for aged in Norway. The 1997 material embraces totally 435 municipalities and 1 025 institutions for the aged.

Five questionnaires are being used for this purpose. One concerns dwellings for the aged and disabled and one concerns the home based services. In addition the municipalities are receiving a questionnaire for total registration of the man-years within both the home based services and the institutions for the aged. These are all sent the administration of these services in every municipality. The fourth questionnaire is addressed to every institution for the aged and disabled and concerns information about patients and personnel. Some data are also directly extracted from Statistics Norway's institution register, e.g. kind of institution, number of beds and various permanent facilities. The data of this register are updated annually. The institutions in these statistics include all the institutions within the municipal field of responsibility according to the Act of the social services. Some privately run institutions are also included. These are, however, few in numbers and are often supported by the municipalities.

The statistics of the home based services consists of data concerning users of social home help and home nursing. These services have a wider group of users that also include younger people, among others physically handicapped and mentally retarded persons. The material also consists of information about the services'

accessibility during the day and the week and data that elucidate the municipalities' demand of fees/user payment. The material also consist of man-year data within the home based service sector.

The man-year data in both sectors include all kinds of personnel, not only the care and nursery functions but also administration, kitchen, care-takers etc. Moreover, attention must be called to the fact that because of reorganisation, some municipalities no longer are able to differentiate between labour forces within the institutions and in the home based services. Hence this data will from now on be presented as total figures covering all the care and nurse services both within institutions and the home based sector.

3. Data quality

The new data are compared with data from the preceding year and various relative figures, for instance users, man-years and beds in institutions per 1 000 persons 80 years and older (or 67 years and above). In any case of conspicuous deviation from preceding years, the data basis is further checked and the figures are corrected as far as possible. Besides these controls, there are ordinary logical and validity controls intending to secure the logical relation between the items in the complemented questionnaires. In spite of an extensive revision of data some reservations must be taken concerning the figures presented on municipal level.

4. Definitions

Man-year

These data are intended to embrace all kinds of activities within the home based services and the institutions, and are not only restricted to nursing and care functions. The data also contain administration and management personnel and as far as the institutions are concerned, kitchen and cleaning functions etc. The personnel are registered on the basis of their formal education by December 1997. The figures are reported in man-years, which means that the total number of part time employees are converted into number of full time employees. Thus the total number of man-years is based on the assumption of stability among the personnel during the year. Employees not having the specified education, are recorded in three collective groups. There must moreover be emphasised that doctors and physiotherapists no longer are included in the official nursing and care statistics. These professional groups are since 1994 only registered in the statistics of the health services in the municipalities.

Expenditure

These data are total and hence include all items of expenditure. They are drawn from Statistics Norway's municipal accounts and are no longer collected in the nursing and care survey. Similarly to the man-year data, the expenditure data can only be presented as total figures, comprising both home based services and institutions.

Users of home based services

The figures cover all users of home help and home nursing or both services that were registered as active users at the end of the year. In general every person receiving services is regarded as one user, with one exception; households consisting of two or more persons receiving help are regarded as one user.

Home nursing is regulated by the Act of health services in the municipalities that prescribes professional nurse services. Home help is regulated by the Act of social services in the municipalities (of 13 December 1991) and is a part of the generic term «practical assistance» that covers all kinds of help to the tasks of daily-life household given persons in need of such help because of old age or various handicaps.

Institutions for the aged

These are defined as a group of buildings where parts of the floorage are shared between residents, the household is common and care personnel are present 24 hours a day. This definition embraces all kinds of institutions falling under the two laws mentioned above and are as follows: nursing homes, old peoples homes, combined nursing and old peoples homes and in addition various municipal dwellings with full-time services.

Dwellings for the aged and disabled

This category includes other kinds of municipal dwellings reserved for persons in need of help because of old age or handicap. They are also offered to mentally retarded persons who have left the traditional institutions according to a major reform concerning this group of disabled. These dwellings are not included in the institution-category as they do not have a full-time service offer. Some of them have care and nursing services parts of the day. The other dwellings do not have this offer, and the residents are instead users of the home based services in the same way as other ordinary users. Many of these flats are adjusted for functionally disabled residents and some of them do also have to some extent common floorage and household.

5. Main results

The number of man-years within the public nursing and care services totalled about 79 400 in 1997. This

is 6 100 man-years more than registered in 1996. Medical doctors and physiotherapists are not included in the 1997 statistics of nursing and care statistics. According to the statistics of the health services these professions represented 570 man-years in 1997.

The total expenditure in 1997 was 29 billion kroner which is an increase of about 1.3 billion from 1996.

A total of 149 000 persons were recorded as users of home based services (home help and/or home nursing). Half of these are users receiving home help as the only service. 46.2 per cent of all users of home based services are aged 80 years or over.

Almost 77 per cent of all municipalities were offering a 24-hours home-nursing service. 313 municipalities charged users of home nursing either as payment per hour or a fixed payment per month, while 157 municipalities did not require such payment.

A total of 38 100 residents in dwellings for the aged were recorded in 1997. About 10 800 residents were aged under 67 years. In the same period close to more than 40 000 dwellings were recorded. Of these 81.2 per cent are owned by the municipalities.

A total of 1 025 institutions for the aged and disabled were registered in 1997. 43 400 beds were registered in these institutions. This is 360 beds fewer than in 1996. There has, however, been an increase of about 1 300 beds within the nursing homes which are institutions reserved for clients in most need of help. On the other hand, there has been a decrease in number of beds within the old peoples homes. At the same time there has been built more dwellings with various degrees of services for old people.

Close to 83 per cent of all rooms in institutions for the aged and disabled were single rooms, close to 17 per cent were double rooms, while less than 1 per cent of the rooms had more than two beds.

42 900 persons were registered as residents in the institutions for the aged and disabled. Of these more than 72 per cent were aged 80 years or above. Close to 78 per cent of all residents were women.

6. More information

In addition to the tables that are published in the Official Statistics of Norway, Nursing and Care Statistics, Statistics Norway can be contacted for more detailed tables.

The tables can be sent by post or transmitted by fax, electronically by diskette or e-mail (Ascii-or Excel-format). To order tables or enquire for further

information, please contact: Division for Health Statistics, telephone + 47 22 86 45 00 or telefax + 47 22 00 44 04.

Statistics Norway has web-pages on the Internet. The main figures for nursing and care statistics are published in the electronic version of the Weekly Bulletin of Statistics. The web-address is:
<http://www.ssb.no>.

I

Pleie- og omsorgstenestene samla
The nursing and care services in total

1. Årsverk i pleie- og omsorgstenestene, etter fylke. 1997
 Man-years within the nursing and care services, by county. 1997

	Arsverk ¹ i alt <i>Man-year¹, total</i>	Arsverk ¹ pr. 1 000 innbyggjarar 67 år og over <i>Man-year¹ per 1 000 persons 67 years and over</i>	Arsverk ¹ pr. 1 000 innbyggjarar 80 år og over <i>Man-year¹ per 1 000 persons 80 years and over</i>	Arsverk pr. brukar ² <i>Man-year per user²</i>
Heile landet The whole country	79 435	128	431	0,41
01 Østfold	3 831	103	357	0,36
02 Akershus	5 808	113	465	0,43
03 Oslo	8 886	124	377	0,38
04 Hedmark	4 062	124	445	0,45
05 Oppland	3 780	123	422	0,43
06 Buskerud	4 211	123	412	0,38
07 Vestfold	3 552	116	399	0,40
08 Telemark	3 020	113	382	0,40
09 Aust-Agder	1 888	134	416	0,37
10 Vest-Agder	2 498	121	415	0,39
11 Rogaland	5 614	133	443	0,44
12 Hordaland	7 893	135	434	0,39
14 Sogn og Fjordane	2 508	151	438	0,45
15 Møre og Romsdal	4 785	131	433	0,43
16 Sør-Trøndelag	4 554	126	433	0,47
17 Nord-Trøndelag	2 624	137	452	0,44
18 Nordland	5 116	145	487	0,41
19 Troms	3 268	175	611	0,50
20 Finnmark	1 537	182	712	0,43

¹ Årsverk for legar og fysioterapeutar blir ikkje rekna inn i pleie- og omsorgsstatistikken. ² "Brukar" er summen av heimetenestemottakarar og plassar i institusjonar.

¹ The man-years of doctors and physiotherapists are no longer included in these statistics. ² Users are the sum of users of home based services and the total number of beds in institutions for the aged and disabled.

2. Årsverk i pleie- og omsorgstenestene, etter kommune. 1997
Man-years within the nursing and care services, by municipality. 1997

	Årsverk ¹ i alt <i>Man-year¹, total</i>	Årsverk pr. 1 000 innbyggjarar <i>Man-year per 1 000 persons 67 years and over</i>	I prosent av gjennom- snittet for landet pr. 1 000 innbyggjarar 67 år og over <i>In per cent of the national average per 1 000 persons 67 years and over</i>	Årsverk pr. 1 000 innbyggjarar <i>Man-year per 1 000 persons 80 years over</i>	I prosent av gjennom- snittet for landet pr. 1 000 innbyggjarar 80 år og over <i>In per cent of the national average per 1 000 persons 80 years and over</i>	Årsverk pr. brukar ² <i>Man-year per user²</i>	I prosent av gjennom- snittet for landet pr. brukar ² <i>In per cent of the national average per user²</i>
Heile landet <i>The whole country</i>	79 435	128		431		0,41	
01 Østfold							
0101 Halden	475	105	82	365	85	0,35	84
0104 Moss	430	111	87	371	86	0,42	103
0105 Sarpsborg	657	92	72	325	76	0,33	80
0106 Fredrikstad	1 048	100	78	339	79	0,35	84
0111 Hvaler	59	120	94	360	84	0,38	93
0118 Aremark	38	142	111	395	92	0,42	102
0119 Marker	62	98	77	305	71	0,30	71
0121 Rømskog	17	106	83	360	84	0,38	91
0122 Trøgstad	92	126	99	456	106	0,52	127
0123 Spydeberg	58	100	78	391	91	0,38	92
0124 Askim	184	102	79	356	83	0,35	86
0125 Eidsberg	157	106	83	334	77	0,35	85
0127 Skiptvet	61	134	105	493	115	0,51	125
0128 Rakkestad	117	101	79	359	83	0,34	82
0135 Råde	93	123	96	493	114	0,44	107
0136 Rygge	179	109	85	447	104	0,34	83
0137 Våler	50	134	105	404	94	0,39	93
0138 Hobøl	52	118	92	380	88	0,49	120
02 Akershus							
0211 Vestby	107	103	81	361	84	0,33	80
0213 Ski	248	107	83	475	110	0,38	92
0214 Ås	187	138	108	574	133	0,35	86
0215 Frogn	130	99	77	381	88	0,40	98
0216 Nesodden	158	117	92	551	128	0,56	135
0217 Oppegård	205	93	72	442	103	0,24	58
0219 Bærum	1 469	109	85	449	104	0,53	130
0220 Asker	602	119	93	557	129	0,56	136
0221 Aurskog-Høland ..	208	106	83	369	86	0,37	89
0226 Sørum	165	127	99	475	110	0,47	113
0227 Fet	82	85	66	368	85	0,38	92
0228 Rælingen	144	128	100	660	153	0,52	125
0229 Enebakk	88	133	104	527	122	0,39	94
0230 Lørenskog	256	101	79	485	113	0,40	96
0231 Skedsmo	539	118	92	463	108	0,48	116
0233 Nittedal	185	135	106	612	142	0,32	77
0234 Gjerdrum	66	174	136	592	138	0,55	133
0235 Ullensaker	252	122	95	480	111	0,36	87
0236 Nes	223	101	79	365	85	0,37	89
0237 Eidsvoll	328	132	103	457	106	0,45	108
0238 Nannestad	114	108	85	379	88	0,32	77
0239 Hurdal	54	124	97	418	97	0,48	117
03 Oslo							
0301 Oslo	8 886	124	97	377	88	0,38	92
04 Hedmark							
0402 Kongsvinger	363	138	108	548	127	0,59	144
0403 Hamar	560	119	93	442	103	0,52	127

¹ Årsverk for legar og fysioterapeutar blir ikkje rekna inn i pleie- og omsorgsstatistikken. ² "Brukar" er summen av heimetenestemottakarar og plassar i institusjonar.
¹The man-years of doctors and physiotherapists are no longer included in these statistics. ²Users are the sum of users of home based services and the total number of beds in institutions for the aged and disabled.

2. Årsverk i pleie- og omsorgstenestene, etter kommune. 1997

(framh.) *Man-years within the nursing and care services, by municipality. 1997*

	Arsverk ¹ i alt <i>Man-year¹, total</i>	Arsverk pr. 1 000 innbyggjarar 67 år og over <i>Man-year per 1 000 persons 67 years and over</i>	I prosent av gjennom- snittet for landet pr. 1 000 innbyggjarar 67 år og over <i>In per cent of the national average per 1 000 persons 67 years and over</i>	Arsverk pr. 1 000 innbyggjarar 80 år og over <i>Man-year per 1 000 persons 80 years over</i>	I prosent av gjennom- snittet for landet pr. 1 000 innbyggjarar 80 år og over <i>In per cent of the national average per 1 000 persons 80 years and over</i>	Arsverk pr. brukar ² <i>Man-year per user²</i>	I prosent av gjennom- snittet for landet pr. brukar ² <i>In per cent of the national average per user²</i>
04 Hedmark (framh.)							
(cont.)							
0412 Ringsaker	649	135	106	501	116	0,49	119
0415 Løten	137	123	96	427	99	0,42	103
0417 Stange	389	138	108	551	128	0,45	110
0418 Nord-Odal	125	125	97	527	122	0,44	106
0419 Sør-Odal	149	111	87	401	93	0,34	83
0420 Eidskog	120	97	76	339	79	0,36	86
0423 Grue	165	130	101	428	99	0,46	111
0425 Åsnes	178	103	81	358	83	0,34	82
0426 Våler	94	115	90	429	100	0,38	92
0427 Elverum	328	117	92	413	96	0,46	111
0428 Trysil	185	129	101	395	92	0,38	91
0429 Åmot	114	123	96	424	99	0,42	101
0430 Stor-Elvdal	82	123	96	401	93	0,33	79
0432 Rendalen	67	107	84	352	82	0,43	103
0434 Engerdal	29	90	71	309	72	0,31	76
0436 Tolga	47	138	108	379	88	0,43	105
0437 Tynset	123	139	109	406	94	0,57	139
0438 Alvdal	58	130	102	486	113	0,48	116
0439 Folldal	42	114	89	344	80	0,59	143
0441 Os	56	156	122	465	108	0,37	91
05 Oppland							
0501 Lillehammer	345	90	70	317	74	0,40	96
0502 Gjøvik	463	108	84	394	91	0,45	108
0511 Dovre	57	103	81	345	80	0,41	98
0512 Lesja	62	138	108	426	99	0,33	80
0513 Skjåk	67	138	108	436	101	0,35	85
0514 Lom	57	121	95	406	94	0,24	58
0515 Vågå	95	133	104	447	104	0,34	83
0516 Nord-Fron	116	117	91	431	100	0,47	113
0517 Sel	149	151	118	556	129	0,50	122
0519 Sør-Fron	88	133	104	430	100	0,38	93
0520 Ringebu	107	105	82	336	78	0,42	102
0521 Øyer	59	83	65	291	68	0,28	67
0522 Gausdal	127	115	90	414	96	0,47	113
0528 Østre Toten	337	137	107	480	111	0,51	123
0529 Vestre Toten	250	127	99	450	104	0,40	96
0532 Jevnaker	151	160	125	488	113	0,44	106
0533 Lunner	146	150	117	583	135	0,53	128
0534 Gran	261	117	92	409	95	0,46	112
0536 Søndre Land	239	211	165	667	155	0,47	114
0538 Nordre Land	127	99	78	345	80	0,33	80
0540 Sør-Aurdal	106	145	113	428	99	0,53	129
0541 Etnedal	39	129	101	380	88	0,53	128
0542 Nord-Aurdal	159	142	111	416	97	0,51	124
0543 Vestre Slidre	48	114	89	385	89	0,38	92
0544 Øystre Slidre	61	128	100	399	93	0,34	81
0545 Vang	65	197	154	536	125	0,42	101
06 Buskerud							
0602 Drammen	896	107	84	342	79	0,29	71
0604 Kongsberg	333	110	86	372	86	0,29	69
0605 Ringerike	623	134	105	487	113	0,51	125

¹ Årsverk for legar og fysioterapeutar blir ikkje rekna inn i pleie- og omsorgsstatistikken. ² "Brukar" er summen av heimetenesmetottakarar og plassar i institusjonar.
¹The man-years of doctors and physiotherapists are no longer included in these statistics. ² Users are the sum of users of home based services and the total number of beds in institutions for the aged and disabled.

2. Årsverk i pleie- og omsorgstenestene, etter kommune. 1997

(framh.) *Man-years within the nursing and care services, by municipality. 1997*

	Arsverk ¹ i alt Man- year ¹ , total	Arsverk pr. 1 000 innbyggjarar 67 år og over Man-year per 1 000 persons 67 years and over	I prosent av gjennom- snittet for landet pr. 1 000 innbyggjarar 67 år og over In per cent of the national average per 1 000 persons 67 years and over	Arsverk pr. 1 000 innbyggjarar 80 år og over Man-year per 1 000 persons 80 years over	I prosent av gjennom- snittet for landet pr. 1 000 innbyggjarar 80 år og over In per cent of the national average per 1 000 persons 80 years and over	Arsverk pr. brukar ² Man-year per user ²	I prosent av gjennom- snittet for landet pr. brukar ² In per cent of the national average per user ²
06 Buskerud (framh.)							
0612 Hole.....	89	139	109	530	123	0,57	139
0615 Flå	40	153	120	402	93	0,43	105
0616 Nes	65	108	84	338	79	0,24	57
0617 Gol	118	166	129	462	107	0,57	139
0618 Hemsedal.....	47	177	138	433	100	0,52	127
0619 Ål	107	121	95	369	86	0,47	114
0620 Hol	141	185	145	628	146	0,60	144
0621 Sigdal.....	86	124	97	409	95	0,39	95
0622 Krødsherad	45	113	88	354	82	0,36	86
0623 Modum.....	266	127	99	395	92	0,36	87
0624 Øvre Eiker	230	102	80	335	78	0,29	71
0625 Nedre Eiker	288	121	95	459	106	0,47	113
0626 Lier	377	153	120	574	133	0,57	138
0627 Røyken.....	166	118	92	494	115	0,49	119
0628 Hurum	126	109	85	382	89	0,49	118
0631 Flesberg	46	113	88	313	73	0,24	57
0632 Rollag	44	157	123	425	99	0,40	97
0633 Nore og Uvdal.....	76	137	107	438	102	0,35	85
07 Vestfold							
0701 Borre.....	442	131	103	445	103	0,46	112
0702 Holmestrand	162	117	91	427	99	0,44	108
0704 Tønsberg.....	628	115	90	398	92	0,34	82
0706 Sandefjord	622	108	85	361	84	0,45	109
0709 Larvik	682	110	86	379	88	0,39	94
0711 Svelvik	80	113	88	425	99	0,34	82
0713 Sande	93	103	80	337	78	0,34	84
0714 Hof	48	116	91	428	99	0,35	85
0716 Våle	75	155	121	484	112	0,41	100
0718 Ramnes.....	59	145	113	458	106	0,44	106
0719 Andebu.....	80	128	100	437	102	0,42	103
0720 Stokke	154	156	122	538	125	0,51	124
0722 Nøtterøy	296	107	84	389	90	0,39	94
0723 Tjøme	84	139	109	424	98	0,43	103
0728 Lardal.....	45	108	84	361	84	0,28	68
08 Telemark							
0805 Porsgrunn	528	99	78	367	85	0,37	89
0806 Skien	767	102	79	352	82	0,34	82
0807 Notodden.....	223	92	72	312	72	0,36	87
0811 Siljan.....	28	105	82	437	101	0,39	95
0814 Bamble	237	155	121	569	132	0,50	122
0815 Kragerø.....	254	147	115	460	107	0,44	105
0817 Drangedal.....	93	112	88	366	85	0,46	111
0819 Nome.....	189	154	121	488	113	0,55	133
0821 Bø.....	95	119	93	399	93	0,53	128
0822 Sauherad	85	123	96	350	81	0,41	100
0826 Tinn	129	98	76	320	74	0,50	121
0827 Hjartdal.....	52	152	119	426	99	0,50	120
0828 Seljord	54	103	81	297	69	0,35	85
0829 Kviteseid	45	87	68	259	60	0,28	69

¹ Årsverk for legar og fysioterapeutar blir ikkje rekna inn i pleie- og omsorgsstatistikken. ² "Brukar" er summen av heimetenestemottakarar og plassar i institusjonar.¹The man-years of doctors and physiotherapists are no longer included in these statistics. ² Users are the sum of users of home based services and the total number of beds in institutions for the aged and disabled.

2. Årsverk i pleie- og omsorgstenestene, etter kommune. 1997
(framh.) *Man-years within the nursing and care services, by municipality. 1997*

	Arsverk ¹ i alt <i>Man-year¹, total</i>	Arsverk pr. 1 000 innbyggjarar 67 år og over <i>Man-year per 1 000 persons 67 years and over</i>	I prosent av gjennom- snittet for landet pr. 1 000 innbyggjarar 67 år og over <i>In per cent of the national average per 1 000 persons 67 years and over</i>	Arsverk pr. 1 000 innbyggjarar 80 år og over <i>Man-year per 1 000 persons 80 years over</i>	I prosent av gjennom- snittet for landet pr. 1 000 innbyggjarar 80 år og over <i>In per cent of the national average per 1 000 persons 80 years and over</i>	Arsverk pr. brukar ² <i>Man-year per user²</i>	I prosent av gjennom- snittet for landet pr. brukar ² <i>In per cent of the national average per user²</i>
08 Telemark (framh.)							
0830 Nissedal.....	34	130	101	381	88	0,42	103
0831 Fyresdal.....	35	141	110	474	110	0,42	101
0833 Tokke.....	65	121	94	394	91	0,40	97
0834 Vinje.....	110	173	136	501	116	0,53	128
09 Aust-Agder							
0901 Risør.....	154	129	101	398	92	0,48	116
0904 Grimstad.....	226	111	87	365	85	0,37	89
0906 Arendal.....	668	122	95	409	95	0,36	88
0911 Gjerstad.....	56	134	105	376	87	0,36	87
0912 Vegårshei.....	42	132	103	410	95	0,28	68
0914 Tvedestrand.....	143	150	117	452	105	0,33	80
0919 Froland.....	78	142	111	397	92	0,28	68
0926 Lillesand.....	178	168	131	501	116	0,43	104
0928 Birkenes.....	75	135	105	356	83	0,34	83
0929 Åmli.....	46	136	106	354	82	0,32	77
0935 Iveland.....	15	120	94	432	100	0,27	65
0937 Evje og Hornnes...	67	133	104	397	92	0,32	77
0938 Bygland.....	54	233	182	578	134	0,50	121
0940 Valle.....	48	184	144	498	116	0,39	93
0941 Bykle.....	37	382	298	903	210	0,95	230
10 Vest-Agder							
1001 Kristiansand.....	1 008	109	85	393	91	0,40	97
1002 Mandal.....	249	130	102	455	106	0,42	101
1003 Farsund.....	175	126	99	406	94	0,37	90
